



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
20.04.2021	54898/2021	

Saksnr

Utval
Fylkestinget

Møtedato
20.04.2021

Uttale - Ny eksporteining bør leggest til Møre og Romsdal

I regjeringa [sin handlingsplan for eksport](#), lagt fram oktober 2020, vart etableringa av ei ny eining som skal fremje norsk eksport, med arbeidstittelen Business Norway, lansert. Her vil regjeringa samle kompetanse, som i tett samarbeid med næringslivet skal jobbe for å auke den norske eksporten.

I ei [pressemelding](#) datert 18.03.21 melder regjeringa at det skal opprettast ei ny eksporteining som skal forvalte 75 millionar kroner, og sikre medverknad og medfinansiering frå næringslivet. Slik vi les pressemeldinga vil oppretting av eininga bli lagt fram i revidert nasjonalbudsjett.

Norge har dei seinare åra tapt betydelege eksportandelar, og det er avgjerande å auke eksporten framover. Ei tydelegare satsing på eksport, sterkare medverknad frå næringslivet og koordinering av verkemiddelapparatet ser vi i eksportfylket Møre og Romsdal som svært positivt. Vi ser og svært positivt på dei signala som næringsministeren har gitt om at den nye eininga skal plasserast utanfor Oslo.

Vi meiner det vil vere ein styrke for den nye eininga å vere lokalisert i eit sterkt, eksportretta næringsmiljø. Det vil styrke kompetanse, lette rekruttering, redusere transaksjonskostnader og styrke innovasjonskrafta å vere lokalisert i eit relevant næringsmiljø.

Ålesund er hovudstaden for det eksportretta næringslivet på Nordvestlandet, og sentrum for ein attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion med 100 000 innbyggjarar. I tillegg til eksportretta bedrifter finn vi her finansinstitusjonar med høg næringslivskompetanse. Her finn vi også NTNU, Norsk Maritimt Kompetansesenter, eit leiande simulatormiljø, inkubatormiljø, stor omstillings- og innovasjonskompetanse og næringsklynger som GCE Blue Maritime og NCE Blue Legasea. Samla har Ålesundsregionen kompetanse og kraft til å etablere og utvikle ein organisasjon som den nye eksporteininga krev.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at den nye statlege eininga som skal fremje norsk eksport vert lagt til i Møre og Romsdal, nærare bestemt til eksporthovudstaden Ålesund. Det vil styrke norsk eksport, fordi:

- Møre og Romsdal har det mest eksportintensive næringslivet i landet. Eksportinntekter per sysselsett (eks. petroleum) er meir enn det doble av landsgjennomsnittet. Samla eksport frå Møre og Romsdal i 2019 var 80 mrd.

kroner. Eksportinntektene i Møre og Romsdal har auka med 50 prosent frå 2012 til 2019, medan utviklinga i landet samla var tilnærma flat. Vi kan eksport!

- Det eksportretta næringslivet i Møre og Romsdal er den største brukaren av tenestene til både GIEK og Eksportkreditt, med 38% av tildelingane dei siste fem åra. Møre og Romsdal har også det Innovasjon Norge-kontoret i landet som forvaltar mest virkemiddel.
- I Møre og Romsdal kan den nye eksporteininga ha tett dialog med bedrifter, kunnskapsmiljø og andre finansinstitusjonar som til saman utgjer støttesystemet for eksportbedriftene som Norge er avhengige av. Møre og Romsdal har ei verdslaiande havklynge med sterke bedrifter innanfor maritim og marin næring, komplettert med gode og relevante utdannings- og forskingsmiljø. Møre og Romsdal har også ein eksportretta prosessindustri, som til dømes Hydro Aluminium, to gass-landføringsanlegg, Nyhamna og Tjeldbergodden, samt landets leiande eksportretta møbelnæring.
- Ålesund er hovudstaden for det eksportretta næringslivet på Nordvestlandet, og sentrum for ein attraktiv bu- og arbeidsmarknadsregion med 100 000 innbyggjarar. I tillegg til eksportretta bedrifter finn vi her finansinstitusjonar med høg næringslivskompetanse. Her finn vi også NTNU, Norsk Maritimt Kompetansesenter, eit leiande simulatormiljø, inkubatormiljø, stor omstillings- og innovasjonskompetanse og næringsklynger som GCE Blue Maritime og NCE Blue Legasea. Samla har Ålesundsregionen kompetanse og kraft til å etablere og utvikle ein organisasjon som den nye eksporteininga krev.
- Saka om lokalisering av den nye eksporteininga handlar om kvar ein best kan utvikle og forsterke det eksportretta arbeidet. Samtidig handlar dette også om lokalisering av statlege arbeidsplassar. Møre og Romsdal er eit fylke som ligg svært lågt i andel statlege arbeidsplassar. Her er berre 8 prosent av dei sysselsette statlege tilsette, medan snittet for landet er nær 12 prosent.
- Vi viser til at to regjeringsoppnemnde utval, Distriktsnæringsutvalet NOU 2020:12 og Demografiutvalet NOU 2020:15, på fagleg grunnlag har framheva at det vil vere ein styrke for statlege etatar å vere lokalisert saman med sterke næringsmiljø i ulike delar av landet. Av erfaring gir dette vekst også i anna forretningsmessig tenesteyting.